

BACHELOROPPGÅVE

Sentrale kjelder i bygningshistorisk forskning og hovudhuset på Sande i Balestrand

Om kjelder til kunnskap om norske våningshus i perioden 1750 – 1950 og hovudhuset på garden Sande i Balestrand i tidsrommet 1907 – 1917.

av

Kandidatnummer 400
Alexander Asphaug Rauboti

Bacheloroppgåve i historie
SA523
Mai 2013

Innhald

Innleiing.....	3
Del 1 – Sentrale kjelder i bygningshistorisk forskning	4
Skriftlege kjelder Takstar	4
Kva informasjon er det sannsynleg å finne?.....	6
Teikningar.....	7
Andre skriftlege kjelder	9
Munnlege kjelder.....	11
Bilete.....	11
Del 2. Hovudhuset på Sande.....	13
Eit historisk tilbakeblikk.....	13
Hovudhuset i kjeldene	16
Skriftlege kjelder	16
Relevante bilete for tidsrommet 1907 – 1917	19
Oppsummering	22
Kjelder	23
Vedlegg 1. Branntakst 1908 - primærkjelde.....	24
Vedlegg 2. Branntakst 1908 – sekundærkjelde	26

Innleiing

I samband med Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) sitt strategiske instituttprogram «Hus i Noreg», vart det sist på 1990-talet gjennomført eit kjeldegranskingsarbeid knytt til norske prestegardar og kulturhistoria desse representerer. Eit breitt omfang av kjeldemateriale vart gjennomgått, og særleg kjelder som kunne kaste lys over konkret bygningshistorie vart vektlagde. Som eit delmål til prosjektet vart det freista å betre metodane for kjeldebruk i bygningshistorisk forskning. Sistnemnde mål resulterte i eit temahefte, «Kilder om hus. Skriftlige kilder, bilder, muntlige kilder» forfatta av etnologen Jan E. Horgen. I dette heftet tek forfattaren føre seg dei mest sentrale kjeldene til norsk bygningshistorie, frå mellomalderen til i dag¹.

Det er hovudsakleg det omtala heftet som ligg til grunn for den første delen av denne oppgåva. Her vil eg ta føre meg ulike kjeldetypar med bygningshistorisk relevans, og gje ein generell omtale av desse. Dette vil leggje eit teoretisk grunnlag for del to, som er vidd til ein kort periode i saga til eit konkret bustadhus i Balestrand. Sidan det er eit våningshus i eit avgrensa tidsrom som er hovudtemaet for oppgåva, har det vore nødvendig å tilpasse den generelle kjeldeomtalen til dette. Såleis er andre type bygningar ikkje i fokus. Tidsmessig vil eg grovt sett halde meg innanfor perioden 1800 – 1920, men ein del av det omtala kjeldematerialet gjev rom for undersøkingar også utanfor denne avgrensinga. Kjeldetypar som har vore direkte relevante for den andre delen, er av denne grunn meir utførleg skildra enn kjelder med mindre relevans.

I del to vil eg altså freiste å finne svar på følgjande spørsmål: I kor stor grad vil det på grunnlag av skriftlege kjelder og bilete vere mogleg å rekonstruere hovudhuset på garden Sande, slik dette såg ut i tiårsperioden 1907 – 1917? Grunnane til at eg har valt akkurat denne perioden er fleire. Eg har lenge hatt planar om å gje ei framstilling av huset si soge, ein såkalla bygningsmonografi², frå den eldste delen vart bygt i 1850-åra til situasjonen i dag. Som vi skal sjå i del to har bygningen ei relativt rik historie, og kjeldematerialet til eit slik arbeid er omfangsrikt – og for stort til å kunne behandlast i ei oppgåve som denne. To større ombyggingar har funne stad sidan huset vart oppført, og på grunnlag av desse kan den reint byggt tekniske saga delast i tre periodar, der den andre er tema for denne teksten. Korleis huset såg ut i denne perioden har ikkje vore tema for skriftleg arbeid tidlegare.

¹ Horgen 2000, s. 4 - 5

² Horgen 2000, s. 7

Den andre delen av denne oppgåva er altså produktet av eit småskala bygningshistorisk forskingsprosjekt, der ein enkeltbygning har spelt rolla som objekt. Likevel må det nemnast at omgrepet «bygningshistorisk forskning» er vidt, og omfattar alle kategoriar bygningar – ruinar eller andre bygningsrestar inkludert. I tillegg kjem byggverk som har stått eller framleis står i nær tilknytning til hus, som t.d. gjerder, portar, murar, hage- og damanlegg osv.. Slike byggverk vil eg ikkje gå nærare inn på i denne oppgåva.

I innleiinga tek Horgen kort føre seg det noko problematiske forholdet mellom tradisjonell historisk metodelære og bygningshistorisk forskning. Som den sentrale kjelda på sistnemnte felt, svarar bygningar i historisk metodelære til kjeldekategorien «gjenstandar». Horgen peikar på at det er framand for bygningsforskarar å nytte dette omgrepet om bygningar, då dei er samansette og ofte komplisert storleikar. I denne samanheng kjem han inn på det relativt omdiskuterte skiljet mellom å nytte ei kjelde, i dette tilfellet ein bygning, som leivning eller beretning. I historiefaget vil hus av ulike slag nyttast som leivningar, noko som inneber at dei er kjelder som ikkje kan seie noko utover seg sjølv. Innan bygningshistorie vil derimot mange argumentere for at ein bygning også kan nyttast som ein beretning. Gjennom m.a. byggeteknikkar, materialar og formuttrykk kan ein bygningshistorikar «lese» eit hus, og få meining ut av dette om lag slik ein les og tolkar tekst i eit dokument.³

Del 1 – Sentrale kjelder i bygningshistorisk forskning

Skriftlege kjelder

Takstar

Blant dei skriftlege kjeldene som kan nyttast innan bygningshistorisk forskning, er takstar særst sentrale. Desse vart tekne opp i samband med verdisetjing av hus i ulike samanhengar, såkalla takstforretningar, og er dei einaste kjeldene som er skapte utelukkande på grunnlag av bygningar. Her finn ein direkte skildringar av eitt eller fleire hus på ein eigedom, og dei ulike takstane vart innførde i eigne protokollar. Sidan dette kjeldematerialet er omfattande, kan det nyttast på ulike måtar i ei rekkje problemstillingar. Ein kan t.d. få innblikk i kva bygningar som fanst i eit område i eit gjeve tidsrom, særtrekk ved ulike typar hus knytt til t.d. geografi, eller få kunnskap om korleis ein bestemt bygning endra seg over tid. Materialet er stort sett å

³ Horgen 2000, s. 5

finne i offentlege arkiv, hovudsakleg i riksarkivet og statsarkiva. Det finst fleire ulike typar takstar, og blant desse kan nemnast brann-, åbots- og verditakstar. Særleg branntakstar har vore sentrale i mitt arbeid for å rekonstruere hovudhuset på Sande. Dette kjem eg attende til i del to.

Branntakstar

Dersom ein ønskjer å finne ut korleis ein bygning har sett ut og utvikla seg gjennom tida, utgjer branntakstprotokollane eit særleg verdfullt kjeldemateriale. I dei neste avsnitta vil eg i korte trekk ta føre meg norsk brannforsikringssoge. I denne samanheng står Den Almindelige Brandforsikrings-Indretning for Bygninger sentralt, og er det same skadeforsikringsselskapet som frå 1912 fekk namnet Norges Brannkasse⁴. Deretter vil eg sjå nærare på branntakstar som kjelde til kunnskap om bustadhus generelt. Kvar kan ein finne branntakstmaterialet i dag, og kva informasjon kan ein få ut av dette?

18. august 1767 vart «Brand-Forsikrings-Anordning i Særdeleshed for Kiøbstæderne i Norge» undertekna av kong Christian 7.. Forordninga var inspirert og formulert etter mønster av ei tilsvarande lov i Danmark, som hadde tredt i kraft seks år tidlegare. Resultatet var tvungen forsikring av bygningar i alle norske kjøpstader – med unntak av Christiania. Her hadde dei oppretta eigen brannkasse i 1753. Huseigarar utanfor byane fekk etter kvart også moglegheit til å forsikre sine hus i den offentlege brannkassen om dei ønskte dette. Fram til 1814 vart ordninga administrert av Den almindelige Brand-Forsikrings-Anstalt i København, men som følge av brotet med Danmark vart anstalten etter kort tid flytta til det nyoppretta Finansdepartementet i Christiania. I samband med flyttinga til Noreg vart namnet endra til Den Almindelige Brandforsikrings-Indretning for Bygninger.

1845 er eit år det er verdt å merke seg i norsk brannforsikringssoge. Ved lov av 19. august vart det vedteke at den alminnelege brannforsikringa skulle gjelde bygningar i heile landet, og i denne samanheng vart forsikringsverksemda delt i ei by- og ei landavdeling. Desse hadde ulike premiesatsar og førte sjølvstendige rekneskap. Ein av hovudgrunnane til delinga gjekk på motstand frå forsikringstakarar på landet, som frykta at eventuelle katastrofebrannar i dei langt meir brannfarlege byane skulle laste dei økonomisk. Samstundes vart forsikringstvungen i byane oppheva⁵. I samband med nyordninga vart det vedteke at

⁴ http://snl.no/Norges_Brannkasse, sett 29.04.13

⁵ Johnsen 1956, s. 40-41. Gjeld avsnittet

rådstueskrivaren skulle vere ansvarleg for takstforretningane i byane, medan lensmannen skulle syte for dette på landet. Tidlegare vart branntakstane førte av sorenskrivarane i deira protokollar, men frå 1846 vart desse førte i lensmannsprotokollane.⁶ Desse oppbevarast i dag i statsarkiva, og noko av materialet er tilgjengeleg på digitalarkivet.no.

I 1912 vart som sagt namnet på innretninga endra til Norges Brannkasse, og det er under dette namnet arkivmaterialet er registrert i dag. Det skal også nemnast at ei rekkje andre private brannforsikringsselskap kom til frå byrjinga av 1800-talet og utover. Ein kan difor også finne takstmateriale for hus som ikkje inngjekk i den offentlege ordninga. Det kan vere verdt å merke seg at dei eldste branntakstane ofte er svært summariske i forma. Detaljrikdomen vart derimot større utover 1800-talet. I 1890-åra kom såkalla skjemataktstar i bruk. Dette var ferdigtrykte skjema til bruk for bygningar av lågare verdi på landet.⁷

Kva informasjon er det sannsynleg å finne?

I boka «Gamle trehus» av Tore Drange med fleire er eit kort kapittel vigd til relevant kjeldemateriale i samband med eldre bygningar i Noreg.⁸ I innleiinga til dette kapittelet er gamle branntakstar dregne fram som spesielt viktige, då desse ofte kan gje detaljert informasjon om samtlege bygningar på ein eigedom. Her finst også ei god oversikt over kva ein kan rekne med å finne i ein typisk branntakst. Branntakstprotokollane vart førte etter bestemte retningsliner. Sjølv om malen for protokollføring gjerne vart endra frå tid til anna, og lokale innføringsvariantar kan førekome, vil dei under nemnde opplysningane oftast vere å finne.

Det første ein møter på i taksten er ei innleiing. Denne inneheld dato og årstal for forretninga, på kva eigedom taksteringa finn stad og kven som har kravt denne. Namnet på eigar er oppført, og vitna vert anten oppførte direkte ved namn her, eller indirekte ved at det vert vist til underskriftene deira. Dersom takstforretninga ikkje er den første, vil det alltid refererast til dato for den føregåande samt forsikringsverdien som då vart sett. Etter innleiinga følgjer hovuddelen, som består av ein omtale av kvar bygning som skal forsikrast. Kvar bygning får sin individuelle verdi oppført, og desse summene vert til slutt samanlagde til ein total forsikringssum for heile eigedomen. Bygningane er ordna etter nummer, og våningshuset er i regelen alltid taksert først. I samband med nybygg eller større endringar på andre hus kan

⁶ <http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Branntakst>

⁷ <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/Eiendom/Hvordan-saa-huset-ut/Beskrivelser-av-hus>

⁸ Drange 1996, s. 295-303. Gjeld til neste mellomoverskrift

likevel unntak førekome.

Av utvendige mål er lengda og breidda på huset alltid oppgjevne. I tillegg er det ofte oppført kor høgt det er frå toppen av grunnmuren til gesimsen. Gesimsen vil seie overgangen frå veggen til taket der dette er på det lågaste. I nokre tilfelle vil også høgda frå toppen av grunnmuren til gavlen vere nemnd, men dette er unntak. Fram til den offisielle innføringa av metersystemet i Noreg og ei rekkje andre land i 1875, var måla i branntakstane oppgjevne i alen og kvartar eller tommar. Desse måleeeiningane hadde endra seg over tid og kunne variere frå stad til stad, men ein reknar at ein alen svarde til 62,75 centimeter på det tidspunktet måleeeininga gjekk ut av bruk. Ein kvart utgjorde, som namnet tilseier, ein $\frac{1}{4}$ alen. Det gjekk 6 tommar per kvart, altså 24 tommar på ein alen. Kvaliteten på målingane kunne variere noko, og dersom oppmålingane var unøyaktige i ein takst var sjansane store for følgjefeil. Dette kom av at husa ikkje vart målte på nytt ved kvar forretning, og det var vanleg at skrivaren nytta seg av dei måla som var oppgjevne i den førre. Nye oppmålingar hang gjerne saman med om- eller påbyggingar.


Det opplystast om kva materiale huset er bygd av, og kva byggeteknikk som er nytta. På denne måten kan ein finne ut om bygningskonstruksjonen var lafta tømmer, mur- eller reisverk, eller om ein hadde ein kombinasjon av desse. Det same gjeld om bygningen var bordkledd eller ikkje, og om den eventuelle kledningen var måla. Dersom det omtala huset var nyoppsett, vart det gjerne opplyst om vyrket var nytt eller nytta oppatt frå tidlegare byggverk. Detaljnivået i ulike branntakstar varierer gjerne, og generelt sett er det ofte i den første takseringa ein finn den beste skildringa av dei aktuelle bygningane.

Teikningar⁹

I bygningshistorisk forskning kan enkelte typar teikningar klassifiserast som skriftlege kjelder. Desse er arkitektteikningar og oppmålingsteikningar, som begge vil innehalde meir eller mindre nøyaktig teikna grunnplan, fasadar, snitt og andre bygningsdetaljar. Om ein ønskjer å dokumentere eit hus på grunnlag av arkitektteikningar, må ein naturlegvis ha kjennskap til om den aktuelle bygningen faktisk vart oppført, og i så tilfelle kor vidt teikningane vart følgde. For at oppmålingsteikningar skal vere verdfulle kjelder til dokumentasjon, bør denne vere

⁹ Horgen 2000, s. 18

daterte, slik at ein kan knyte oppmålinga og teikninga til eit bestemt tidspunkt i bygningen si historie.



Døme på arkitektteikning. Eit andreutkast til ombygging av hovudhuset på Sande, datert 10. januar 1918 av arkitekt Henrik Halding i Bergen. Då den eldre første høgda nærast er urørd av endringane, kan teikninga til ein viss grad også nyttast som oppmålingsteikning. Det høyrer med til historia at dette forslaget aldri vart realisert. Original i arkivet etter Balestrand Gamleheim, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Ein kan finne kjeldemateriale av den sorten omtala ovanfor i ei rekkje arkiv, både offentlege og private. Det største omfanget av teikningar finst truleg i privatarkiv, men fleire offentlege inneheld verdfullt materiale. Av desse kan nemnast Riksarkivet, statsarkiva, Riksantikvarens arkiv og ulike kommunale byggjesaksarkiv. I større byar er gjerne materialet frå sistnemnde overført til byarkivet. På Nasjonalmuseet – Arkitektur, ein del av Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design i Oslo, kan ein finne det omfattande arkivet etter det som tidlegare heitte Norsk Arkitekturmuseum¹⁰. Her er om lag 250 000 originale teikningar etter over 100 private arkitektar. Desse verka i tida frå midten av 1800-talet til sist på 1900-talet, og samlinga er den største av sitt slag i Noreg. Bergen Byarkiv har på si side ei omfangsrik samling etter Bergensarkitektar, og ein kan finne liknande teikningsarkiv også i andre by- eller kommunearkiv.

Det største omfanget av arkitekt- og oppmålingsteikningar har hatt sitt opphav i løpet av dei siste 200 åra. Horgen peikar på at ein i bygningshistorisk forskning bør halde slike

¹⁰ http://www.nasjonalmuseet.no/no/samlinger_og_forskning/arkiv/arkiver/norsk_arkitekturmuseum/

teikningar skild frå kjeldegruppa bilete¹¹. I denne kategorien finn ein t.d. skisser, strekteikningar, trykk og måleri av ulike slag. Desse vart oftast skapte av andre grunnar enn å dokumentere eller prosjektere bygningar, og gjev ikkje nødvendigvis eit realistisk bilete av korleis ein bygning har sett ut på eit tidlegare tidspunkt. Korleis ein kan nytte bilete som kjelde til bygningshistorisk kunnskap vil eg kome attende til.

Andre skriftlege kjelder

Til no har eg omtala sentrale skriftlege kjelder som gjev meir eller mindre detaljerte opplysingar om enkeltbygningar. Som vi har sett er branntakstar potensielt sett svært nyttige. Dette gjeld særleg om ein vil danne seg eit bilete av korleis eit bestemt hus har sett ut på eit gjeve tidspunkt, eller endra seg over tid. Det same gjeld dei tilfella der det føreligg arkitekt- og/eller oppmålingsteikningar. Dei til no nemnte kjeldene kan naturlegvis også nyttast som kjelder til meir generell bygningshistorie, der ein t.d. ønskjer å seie noko om lokal eller regional byggeskikk, utvikling av romfunksjonar over tid osv.. Vidare vil eg kort nemne andre skriftlege kjelder som kvar på sitt vis kan nyttast i samband bygningshistorisk forskning.

*Åbotstakstar*¹² er den eldste takstgruppa i Noreg, og ein finn åbot nemnd allereie i landskapslovene frå mellomalderen. Uttrykket «åbot» omhandlar leiglendingar og embetsmenn si plikt til vedlikehald av hus, gjerder osv., og nyttast konkret om erstatninga dei måtte betale om plikta ikkje vart overhalden. Dersom dette var tilfellet vart det halde åbotsforretningar, og i desse kan ein finne skildringar av hus på leiglendings- og embetsmannsgardar. Materialet finst i statsarkiva, nærare bestemt i arkiva etter sorenskrivarane, og strekkjer seg hovudsakleg frå 1600-talet til eit stykkje inn på 1900-talet.

*Verditakstar*¹³ vart til ved at eigar eller brukar av ein gard eller annan eigedom kravde taksering av husa der, oftast i samband med at det hadde vore gjennomført større byggjearbeid eller utbetringar på allereie eksisterande hus. Verditakstane inneheld ofte gode skildringar av den eller dei bygningane dei omfattar, men til liks med åbotstakstane varierer dette mykje, og gjev sjeldan grunnlag for rekonstruering av dei omtala bygningane.

*Skiftematerialet*¹⁴ er dei skriftlege kjeldene som gjev mest omfattande opplysingar om materiell kulturhistorie, og såleis ei heilt sentral kjelde i generell kulturhistorisk forskning.

¹¹ Horgen 2000, s. 18

¹² Horgen 2000, s. 9

¹³ Horgen 2000, s. 10

¹⁴ Horgen 2000, s. 15 - 16

Skifteforretningar vart haldne i samband med bu- eller konkursoppgjer, og det primære målet var verdisetjing på dei gjenstandane som fanst i buet. I bygningshistorisk samanheng kan særleg skifteregistreringane kome til nytte ved at dei kan innehalde namn på dei ulike romma og husa som fanst. I nokre tilfelle vil det vere mogleg å følgje registratorane rom for rom i eit hus, og slik få eit inntrykk av planløyisinga. På dette viset kan skifta støtte opp om opplysingar ein eventuelt kan finne i takstforretningar. Utover dette gjev skiftematerialet betre greie for kva funksjon ulike hus og rom hadde enn korleis desse faktisk såg ut. Skifta vart frå 1657 innførte i eigne protokollar som no er oppbevarde på statsarkiva¹⁵. Ein del av materialet er også tilgjengeleg i digitalarkivet.no.

*Tingbøkene*¹⁶ inneheld alle saker som måtte avgjerast av retten på tingsamlingane kringom i landet, og ein finn eit breitt spekter av ulike saker. Saker direkte knytt til bygningar er sjeldne, men ein kan kome over saker der opplysningar om hus kjem til uttrykk som del av ei vitneforklaring eller liknande. I så tilfelle kan ein vere heldige å finne informasjon om detaljar ein ikkje kan lese ut av takst- eller skiftematerialet. Døme på dette kan vere plassering av vindauge, dører osb. i høve til kvarandre. Materialet strekkjer seg attende til 1600-talet, og tingbøkene er i dag i statsarkiva, nærare bestemt i arkiva etter sorenskrivarane. Statsarkiva har laga åstadregister over saker som omhandlar fast eigedom på landet, ordna etter gardsnamn. Her vil eventuelle takstar inngå¹⁷. Også ei rekkje tingbøker finst i digital form på internett.

*Kart*¹⁸ er først og fremst ei kjelde til kunnskap om hus og deira forhold til kvarandre og omgjevningane, og kan sjeldan gje sikre opplysningar om konkrete bygningar utover dette. Nokre karttypar kan likevel vere verdfulle i samband med meir generell bygningshistorie. Her er det naturleg å nemne utskiftingskart og gardskart. Førstnemnde vart som namnet tilseier til i samband med utskiftingar, og vart ein obligatorisk del av desse frå 1857. Karta syner det aktuelle tunet før utskiftinga, og somme tider vil det vere teikna forslag til nye tun. I dei tilfelle at hus skulle flyttast kunne desse vere omtala kort. Materialet finst for heile landet, men er naturleg nok særleg nyttige i område med stor bruksdeling. Allment tilgjengelege kopiar kan finnast i dei ulike jordskiftekontora.

Gardskart, eller situasjonskart som dei også kallast, kan gje opplysningar om hus ut over plasseringa av desse. Karta vart gjerne teikna i samband med saker av ulike slag. Ein

¹⁵ <http://www.arkivverket.no/felleskatalogen/arkivserier/skifteprotokoller.html>

¹⁶ Horgen 2000, s. 16

¹⁷ <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/Eiendom/Hvordan-saa-huset-ut/Beskrivelser-av-hus>

¹⁸ Horgen 2000, s. 19 - 20

finn døme på slike attende til 1700-talet, men hovudtyngda av kart vart til i siste halvdel av 1800-talet og utover 1900-talet. Ikkje sjeldan vart det laga perspektivteikningar som tillegg til karta, og desse ser generelt ut til å skape eit realistisk bilete av dei portretterte tuna.

Hovudtyngda av materialet er i privat eige.

*Andre arkiv*¹⁹ som kan innehalde interessant bygningshistorisk materiale er t.d. dei ulike fylkesarkiva, det store omfanget private arkiv og museum av ulike slag. Her kan ein finne eit breitt spekter av kjeldemateriale som teikningar, bilete, private takstoppgåver, brev, møtebøker, kontraktar, memoarar og så bortetter. For meg har som vi skal sjå det private arkivet etter Balestrand Gamleheim i stått sentralt i samband med dette prosjektet. Dette vert i dag oppbevart ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. I tillegg må dei såkalla topografisk-statistiske skildringane frå 1700- og 1800-talet nemnast. Her kan ein finne opplysningar om enkeltbygningar eller husklyngjer kring om i landet. Mange av desse er trykte og tilgjengelege på bibliotek, medan ein del er utrykte manuskript som oppbevarast i ymse arkiv.

Munnlege kjelder²⁰

Også munnlege kjelder kan vere verdfulle i samband med bygningshistorisk forskning, særleg om temaet knyter seg til bruken av hus. Intervju med dei som har planlagt, teikna, bygt eller brukt eit einskild hus kan bidra med informasjon andre kjelder ikkje kjem inn på. Det seier seg sjølv at det er avgrensa for kor langt attende i tid ein kan kome ved hjelp av eigne intervju. Nedskrivne intervju og minnemateriale reknast til denne kjeldegruppa, sjølv om dette er diskutabelt. Slikt materiale kan omtale hus attende til midten av 1800-talet, men tyngda av minnelitteratur kan knytast til sist på 1800-talet og eit stykke inn på 1900-talet. Som ved all kjeldebruk må det stillast krav til kjeldekritikk og truverde. Munnlege kjelder er ikkje brukt i mitt arbeid om huset på Sande.

Bilete²¹

I tillegg til eller helst i kombinasjon med dei skriftlege kjeldene, kan bilete gje viktige opplysningar om hus. Med bilete meinast her alle former for måleri, samt frihandsteikningar og fotografi. Ein kan finne ein del norske måleri og teikningar som syner hus i alle fall frå 1700-talet og utover, og frå 1800-talet aukar mengda tydeleg. Våningshus kan synast å ha vore

¹⁹ Horgen 2000, s. 17

²⁰ Horgen 2000, s. 23

²¹ Horgen 2000, s. 21. Gjeld til neste mellomoverskrift der anna ikkje er oppgjeve.

populære motiv for ein rekkje kunstnarar. Om ein ønskjer å nytte bilete av denne sorten som kjelde, må ein naturlegvis vere kritisk, som ved all kjeldebruk. Somme kunstnarar var svært nøyaktige og røyndomstru i sine framstillingar, medan andre stod friare. Ved å jamføre eit måleri eller skisse med skriftlege kjelder frå same tida, kan ein til ein viss grad kontrollere truverdet. Det beste vil i slike tilfelle vere å samanlikne eit bilete med ein bygning som framleis eksisterer i uendra form, for slik å oppdage eventuelle kunstnarlege avvik. I den nasjonalromantiske måletradisjonen var det relativt vanleg å «pynte på sanninga», særleg naturen, men også bygningar. Mange norske kunstnarar som måla i denne stilen på 1800-talet og eit lite stykke inn på 1900-talet, teikna skisser av diverse motiv i Noreg om sommaren. Måleria vart gjerne til i utlandet, særleg Tyskland, på vinteren.

Fotografiet utgjer ei særleg verdfull kjelde til kunnskap om bustadhus. Ein reknar at det eldste fotografiet vart teke i 1826, og metoden utvikla seg raskt. Ved førre hundreårsskifte hadde Kodak-kameraet gjort sitt inntog på marknaden, og fotografiet var i ferd med å verte allemannseige²². Frå siste halvdel av 1800-talet og utover kan ein finne ei stor mengd fotografi av hus, både i form av eksteriør- og interiørfoto. Særleg rikt vert fotomaterialet frå byrjinga av 1900-talet. Bygningar var ofte motiv på postkort, direkte eller indirekte. Dokumentasjonsfoto av ulike slag, då spesielt flyfoto, er viktige kjelder til bygningshistorie. I denne samanheng må nemnast Johan Ottesens fotoarkiv i Ulsteinvik. Samlinga hans omfattar om lag 250 000 flyfoto frå heile landet, hovudsakleg frå 1950- og 60-åra. Somme er også eldre. Fotoarkivet har eiga internettside, der ein god del av materialet finst i digitalisert form²³. Elles kan ein finne fotomateriale ved dei fleste større arkiv- og kulturinstitusjonar. Kvart fylke skal ha eige arkiv for foto, men desse varierer i omfang, struktur og grad av tilgjenge. Trass i omfattande innsamlingar og registreringskampanjar er framleis ein stor del av fotomaterialet å finne i private samlingar og album.

Bruk av fotografi krev sjølvstøtt også kjeldekritikk. Fotografi har sidan byrjinga vore gjenstand for retusjering og manipulering, og treng altså ikkje gje eit sant bilete av fotoobjektet. Likevel er det rimeleg å tru at retusjering av foto med bygningsmotiv var sjeldan i forhold til kva som var tilfelle med portrettfotografi. Av den grunn kan ein oftast stole på fotografiet som ei påliteleg kjelde til kunnskap om hus²⁴.

²² <http://snl.no/fotografi>

²³ <http://www.flyfotoarkivet.no/katalog/informasjon/>

²⁴ Horgen 2000: 21

Del 2. Hovudhuset på Sande

På garden Sande i Balestrand ligg blant anna eit stort, kvitmåla hus, på folkemunne kjent som «gamle gamleheimen» med referanse til dei nær 60 åra frå 1920 og utover huset tente denne funksjonen. Som vi skal sjå strekkjer saga til huset, eller rettare sagt delar av det, seg lenger attende i tid. I denne delen vil eg freiste å rekonstruere huset slik det stod fram perioden mellom 1907 og 1917. Framstillinga byggjer hovudsakleg på skriftlege kjelder og bilete. Likevel er det eit sentralt poeng at huset framleis står i dag. Trass i at ein del endringar har funne stad i seinare tid, er framleis huset i seg sjølv ei svært viktig kjelde i dette arbeidet. I dei neste avsnitta vil eg kort gjere greie for huset si historie, med fokus på bygningen i seg sjølv, og på denne måten gjere lesaren litt meir kjend med hovudobjektet i denne oppgåva.

Eit historisk tilbakeblikk

Eldste delen utgjer om lag halvparten av dagens bygning, og skriv seg frå midten av 1800-talet. Byggherren den gong var premierløytnant Jacob Gerhard Meidell, seinare kaptein og ein representant for det øvre sosiale sjiktet i bygda – noko som også spegla seg i heimen han sette opp. I bygdeboka for Balestrand under kapittelet om Sande, er hovudhuset i fokus fleire gonger. Meidell sitt nyoppførde bustadhus vert skildra der²⁵, hovudsakleg på grunnlag av den eldste branntaksten som kan knytast til eigedomen, datert 27. august 1855. Bygdeboka gjev såleis eit bilete av korleis den eldste delen av dagens bygning såg ut. Kort tid etter at Meidell døydde i 1884, valde enkja etter han å skilje ut og selje ei rekkje bruk frå den til då einbølte garden. I 1887 forlèt ho det sterkt innsnevra hovudbruket, som deretter kom på ulike hender.

I ein femårsperiode frå 1907 og utover vart det tidlegare kapteinshuset og hagen ikring det utleigd til den engelske oppfinnaren, elektroingeniøren og metallurgisten Edgar Arthur Ashcroft²⁶. I leigekontrakten datert 23. september dette året kan ein lese at engelskmannen forplikta seg til å koste 5000 kroner på bygningane på eigedomen. Vidare heiter det at «Mr Ashcroft skal have ret til at foretage saadanne forandringer med huset, som han finder tjenlige for sig, dog saaledes, at han herunder ikke gaar ud over de rimelige arkitektoniske forhold»²⁷. Dette resulterte i ein del endringar innandørs, samt ei utviding av huset mot sør. Med denne fekk bygningen det grunnplanet den har i dag. Ashcroft er historisk sett ein interessant person,

²⁵ Urtegaard 1991, s. 174-175

²⁶ <http://adb.anu.edu.au/biography/ashcroft-edgar-arthur-5067>, sett 23.04.13

²⁷ Panteprotokoll for Ytre Sogn, nr. II.B, s. 45. Statsarkivet i Bergen

jamvel i eit internasjonalt perspektiv. Dette vil eg ikkje gå nærare innpå her, men det kan nemnast at han var ein av hovudmennene bak det natriumproduserande Vadheim Elektrochemiske Fabriker²⁸, som opna i 1907 og var årsaken til at engelskmannen var busett i Sogn fram til hausten 1912.

Tre år seinare vart det halde møte for balestrendingar «med samhug for tanken aa reisa ein gamleheim for Balestrand»²⁹. Det tomme hovudhuset på Sande vart snart inndrege i planane, og etter nokre få års arbeid for saka kjøpte gamleheimsnemnda huset seinhaustes 1917. Det følgjande året vart huset vøla og påbygd i høgda etter teikningar av arkitekt Henrik Halding i Bergen. Det var med denne ombyggjinga huset fekk det karakteristiske tverrarket, og elles den utforminga huset stort sett framleis har i dag. Rolla som gamleheim har gjort sitt til at kjeldeomfanget knytt til bygningen er relativt stort, og større enn det ein vil kunne finne for dei fleste alminnelege våningshus. I Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane finst eit nærast overraskande omfangsrikt materiale knytt til Balestrand Gamleheim. Frå ein byggteknisk synsvinkel er her særleg verdfull informasjon om den såkalla «byggjesaka», då hovudhuset på Sande skulle ombyggjast og tilpassast den nye funksjonen. Her er blant anna ei særst informativ møtebok som allereie er sitert, arkitektteikningar i fleire utkast og ei mengd brev, i tillegg til materiale knytt til økonomi og sjølve drifta av heimen. Noko av dette har vore til hjelp i mitt arbeid for å rekonstruere huset i den noko spesielle forma det hadde før det vart gamleheim.


I 1977 hadde det tidlegare hovudhuset utspela si rolle som gamleheim i Balestrand. Dette året vart det nye Balestrand Helsetun teke i bruk, og ei epoke i huset si soge var over. Den store bygningen var ei tid utleigd til private, før han vart nytta som lager i ei årrekke. Mot slutten av 1980-åra hadde forfallet kome langt, og «gamleheimen» var tema for diskusjon i mangt eit avisinnlegg. Meinigane om kva ein burde gjere var mange, men til sist vart det vedteke å selje til ein privat kjøpar³⁰. Det var slik det tidlegare hovudhuset på Sande kom på min familie sine hender, og eit svært omfattande vølingsarbeid vart sett i gang for å gjere huset til å bu i.

²⁸ http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Vadheim_Elektrochemiske_Fabriker

²⁹ Møtebok for Balestrand Gamleheim, s. 1. Sitat frå referat etter det første organiserte møtet for heimen, halde 26. september 1915 på Sagatun skule i Balestrand. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

³⁰ Urtegaard 1991, s. 182

1. 1868



2. 1908



3. 1920



Illustrasjonen syner hovudhuset på tidspunkta for tre av dei haldne branntakstane på staden.

Øvst ser ein fasaden mot aust slik han såg ut i 1868. Dette er eit representativt bilete av huset i den første perioden frå 1855 til 1907. Trappealtanen som kviler på tresøyler vart på eit tidspunkt før hundreårsskiftet erstatta av gråsteinstrappa som framleis står.

I midten same fasaden etter utvidinga mot sør. Altanar er komne til, og den gamle hovudinngangen flytta til daglegstova. Rommet i den nye delen av kjellaren vart nytta til biljardrom. Pipa lengst til venstre høyrde til ein ny engelsk peis og ei mura kamin i kjellaren.

Nedst er huset etter på- og ombygginga i 1918. Med denne fekk bygningen det skapet han har i dag. Taket vart lyfta, og eit stort ark kom til.

(Teikning av forfattaren)

Hovudhuset i kjeldene

I eit reint bygningshistorisk perspektiv kan altså sofa til hovudhuset delast i tre ulike delar, der dei to nemnde om- og påbyggingane markerer skilja. Som nemnd er det relativt korte tidsrommet mellom 1907 og 1917 tema for denne oppgåva. Målet har vore å få vidast mogleg kjennskap til korleis huset såg ut i denne perioden. Kva skriftlege kjelder og bilete er relevante for den valde tidsavgrensinga, og i kor stor grad vil det vere mogleg å rekonstruere hovudhuset på bakgrunn av desse?

Skriftlege kjelder

Av det skriftlege arkivmaterialet har, som venteleg, branntakstane knytte til eigedomen vore særers sentrale. Takstmaterialet vert meir detaljert di lenger attende i tida ein kjem, noko som stemmer godt overeins med den generelle utviklinga som fann stad i samband med protokollføring av branntakstar. Takka vere desse har det vore mogleg å skape eit til dels detaljert bilete av det opphavlege huset frå midten av 1850-åra, samt korleis dette endra seg fram til den siste registrerte takstforretninga vart halden i 1951. I alt er det registrert åtte branntakstar til huset,³¹ men av desse er to borte. Kva dette kan kome av vil eg kome attende til.

Éin av desse branntakstane kan knytast direkte til perioden eg har valt å fokusere på. Denne skriv seg frå 25. februar 1908,³² og vart halden som følge av endringane Ashcroft hadde gjennomført på huset. Det var interessant å oppdage at branntakstforretninga var innført i to ulike branntakstprotokollar som representerte kvar si bygd, nemleg Leikanger og Balestrand. Ved nærare undersøking var dette logisk nok, då dei to bygdene på dette tidspunktet framleis hadde felles lensmann. Først ved kongeleg resolusjon 14. januar 1919 vart det bestemt at det skulle opprettast eit Balestrand lensmannskontor frå 1. januar påfølgjande år. Fram til utgangen av 1920 låg Leikanger og Balestrand saman.³³

Det synte seg altså at det eg først behandla som primærkjelde eigentleg var ei avskrift, og at denne skilde seg frå originalen på fleire område (Sjå vedlegg 1 og 2). Først og fremst har

³¹ 27.8.1855, 23.7.1868, 4.1.1904 (borte), 25.2.1908, 1.3.1920, 19.8.1921 (borte), 23.6.1944 og 3.8.1951


³² Lensmannen i Leikanger, 12.2: Branntakstprotokoll 1868 – 1940, s. 409-410
Lensmannen i Balestrand, 12.1: Branntakstprotokoll 1866 – 1921, avskrift frå 12.1 og 12.2 i Leikanger, s. 55 – 57

³³ Yngve Nedrebø, f. 1954. Statsarkivar ved Statsarkivet i Bergen

avskrivaren sløyfa innleiinga frå originalen, med unntak av dei mest sentrale opplysningane som t.d. dato og årstal, stad og kva tid førre forretning hadde funne stad. Begge refererer til ein takst halden 4. januar 1904, men denne var ikkje å finne verken i primær- eller sekundærprotokollen. Det er rimeleg å tru at den omtala taksten av ukjend årsak kan ha vorte ført på eit eige ark. Om dette var tilfellet, er det ikkje usannsynleg at arket kan ha forsvunne før eller i samband med avskrivinga. Les ein vidare i protokollane, til omtalen av uthusa på eigedomen, finn ein overraskande nok at «avskrifta» er meir utfyllande og detaljert enn primærtaksten. Omtalen av fjøsen er særleg detaljert, og bygningen er i tillegg ført først. Dette kan tyde på at takseringa vart halde nettopp på grunn av fjøsen, som etter alt å døme var bygt året i førevegen, og inngjekk i brannkassen ved denne forretninga. Omtalen av sjølve huset er derimot svært lik, og dei fråvika som finst går hovudsakleg på rettskriving.

Branntaksten gjev hovudsakleg generell informasjon om huset. Her er nemnt utvendige mål, at huset står på innreidd grunnmur, talet på rom, funksjonen deira og tal eldstader og piper. Desse opplysningane er verdfulle, men gjev likevel ikkje grunnlag til å kunne å rekonstruere planløysinga eller eksteriøret. Indre mål er ikkje nemnte, og det same gjeld romma si plassering i høve til kvarandre. Talet på dører og vindaug er ikkje nemnd. Det er derimot interessant å sjå at det eine rommet i kjellaren hadde mura grue eller kamin og var bestemt til «billardværelse». Det er rimeleg å tru at dette var eitt av svært få i Sogn på denne tida.

Plan 1. etasje 1855 på grunnlag av branntakst



På bakgrunn av den eldste branntaksten, i kombinasjon med teikningar og bygningen i seg sjølv, har det vore mogleg å rekonstruere den opphavlege planløysinga. Det er rimeleg å tru at huset hadde denne forma inntil Ashcroft utvida det. (Teikning av forfattar)

Sjølv om eg her ønskjer å dokumentere korleis hovudhuset såg ut i tida mellom dei to nemnte ombyggingane, har det vore fruktbart å søkje etter kjeldeopplysningar knytt til bygningen utanfor den gjevne tidsavgrensinga – i både retningar. Tankegangen er i dette tilfellet enkel. Huset slik det vart skildra i branntaksten frå 1908, var trass alt ein utvida variant av det opphavlege huset, som framleis utgjorde $\frac{3}{4}$ av bygningen. Når branntaksten frå 1908 ikkje går i detalj, er det nyttig å kunne gå attende i tid, takst for takst, til ein finn den mest detaljrike av desse. I mitt tilfelle var dette den eldste, datert 27. august 1855³⁴. På dette tidspunktet var huset hovudsakleg ferdigstilt. Her er romma skildra kvar for seg, med grunnflatemål og høgd til taket, og elles opplysningar om talet på tilhøyrande vindauge, dører og omnar. Sidan romma er oppgjevne med mål har dette bidrege til å kunne rekonstruere planløyisinga. Likevel hadde dette vore vanskeleg utan å ha andre kjelder i tillegg. Det har vore til stor hjelp at store delar av den opphavlege planløyisinga framleis er intakt eller synleg gjennom ulike spor. På denne måten har det vore mogleg å nytte huset slik det er i dag som referanseramme.

I tillegg til branntakstane har særleg to andre skriftlege kjelder vore sentrale i samband med rekonstrueringsarbeidet. I arkivet etter Balestrand Gamleheim finst m. a. arkitektteikningar i to utkast frå 1918. Desse vart teikna på grunnlag av Ashcroft sitt hus, og kan på denne måten kaste lys over dette. Her vil eg nytte same argumentasjonen som for eldre branntakstar i førre avsnitt. Arkitektutkasta syner ein bygning der storparten, dvs. kjellaren og første høgda, allereie eksisterte, og ein kan til ein viss grad nytte teikningane som både oppmålings- og byggjeteikningar. Sidan teikningane er oppgjevne med mål, er det mogleg å sjekke i kor stor grad desse stemmer overeins med oppgjevne mål i branntakstane. Det var spesielt interessant å jamføre måla for romma i 1. etasje i taksten frå 1855 med planteikninga frå 1918. Her var det mogleg å kjenne att dei fleste romma i den eldste delen av huset, og ein kan såleis slutte at det opphavlege huset var relativt urørd av utvidinga i 1907/08. Eit unntak er den innvendige trappa, som vart fjerna og erstatta av ei ny svingtrapp i det gamle «pigeværrelset», som frå no av fungerte som gang. Elles var «storstuekammeret» delt i tre rom, nemleg gang, bad og toalett.


Ei kjelde som også gjev mykje informasjon om huset, er møteboka til styret for gamleheimen. Her kan ein følgje ei rekkje sider ved gamleheimsarbeidet gjennom til dels detaljerte møtereferat i tida frå 1915 til 1919. Sjølve huset er omtala første gong hausten 1917,

³⁴ Lensmannen i Leikanger: 12.1. Branntakstprotokoll 1846 – 1868, s. 55 – 57

kort tid før eiedomen vart kjøpt. På denne tida hadde bygningen etter alt å dømme stått tom i nærare fem år. I møtoreferatet frå 9. januar 1918 kan ein lese at ein måtte vøle og byggje om det gamle hovudhuset snarast råd, «sers fordi taket er so til nedfalls, at huset vil taka skade».

³⁵ Fleire gonger vert det vist til dei omtala arkitektteikningane i møtoreferata, og dei ulike byggjearbeida som fann stad vart noterte i boka. Såleis kan ein vite kva endringar som vart gjort, innvendes som utvendes, gjennom heile prosessen.

Rekonstruert plan over 1. etasje
etter påbygginga i 1907/08



Hovudsakleg på bakgrunn av branntakstar og arkitektteikningar har det vore mogleg å rekonstruere planløysinga for 1. høgda i huset slik denne var medan Ashcroft budde i huset. Det brune området markerer den påbygde delen.

Relevante bilete for tidsrommet 1907 – 1917

Bilete, då særleg fotografi, kan som vi såg i del 1 vere svært gode kjelder om ein freistar å finne ut korleis bygningar har sett ut på eit tidlegare tidspunkt. Hovudhuset på Sande har vore motiv på bilete av fleire slag, og nokre av desse er relevante for denne oppgåva. Som nemnt har det vore nyttig å sjå ut over den konkrete tidsavgrensinga som er sett her. Dette har vore særleg fruktbart i dei skriftlege kjeldene, men det finst også bilete frå før og etter den valde perioden som indirekte kan seie noko om denne. Ein kjenner per i dag til eitt bilete³⁶ som syner huset slik det stod fram før utvidinga til Ashcroft. Dette er ein akvarell frå kring førre hundreårsskifte³⁷, og er nytta som illustrasjon i bygdeboka for Balestrand. Diverre er det

³⁵ Møtebok for Balestrand Gamleheim, s. 18

³⁶ Urtegaard 1991, s. 175

³⁷ Ein ser den såkalla «sildesalaten» i flagget, noko som kan gje ein peikepinn med tanke på datering. Unionsmerket vart fjerna frå det norske handelsflagget i 1898. Elles er biletet yngre enn 1868. I

ikkje oppgjeve kven som har måla biletet, og det har ikkje lukkast meg å spore opp originalen



Akvarell som syner hovudhuset på Sande kring 1900.

i fargar, der denne informasjonen eventuelt kan vere å finne. Biletet er relevant for Ashcroft-tida sidan ombygginga var ei forlenging av huset slik det ser ut her, med visse unntak som eg alt har trekt fram i avsnittet om relevante branntakstar.

Tre fotografi³⁸ i form av postkort har vore særst nyttige for meg i samband med prosjektet.

Desse er dei einaste fotografia eg har funne som syner hovudhuset slik det var på Ashcroft si tid, og er eit godt supplement til branntaksten frå 1908. Alle er tekne av fotografen Knud Knudsen (1836 – 1915)³⁹, som hadde eige atelier i Bergen. Fotografia har bidrege til interessant kunnskap om sider ved påbygginga som det ikkje fanst informasjon om i andre kjelder. Dette galdt særleg taket. Av fotoa kan ein sjå at Ashcroft utvida første høgda, og ikkje loftet. Ergo er det den øvste delen på gavlveggen til det eldre huset ein ser på bileta, men den opphavlege vindaugsplasseringa synleg. I staden for å forlengje det allereie eksisterande saltaket vart den nye sørenden avslutta med eit slakt skråtak, vinkelrett frå gavlveggen til over den nye verandaen. Kor vidt dette er i samsvar med den delen av leigekontrakten som omhandlar «rimelige arkitektoniske forhold» skal vere usagt her. Ei anna endring fotografiet teke frå sjøen stadfestar, er at engelskmannen flytta den gamle hovudinngangen frå forstova til daglegstova. Her vart det nordlegaste glaset erstatta av ei utgangsdør til den i branntaksten omtala verandaen på vestsida. Sjå illustrasjon side 15.

branntaksten frå dette året står det at trappealtanen på vestsida stod på tresøyler, medan trappa på akvarellen er mura.

³⁸ Utlånt i skanna form av Klaus Einar Thue, f. 1970. Fotooriginalar finst også i biletsamlinga til Universitetet i Bergen.

³⁹

http://www.nb.no/pm/fotograf.php?fotograf_id=1293&navn=&m_saml=&kjonn=&tittel=&eiernavn=&stikkord=&year_from=&year_to=&stedsnavn=&genre_code=&country_code=&fylke_code=&startid=



Postkort med Balestrandsmotiv datert 1909, K. Knudsen i Bergen. Det tredje huset frå venstre er det utvida huset på Sande. Dei andre husa er f.v. villaene Lorna, Granly og Strandheim.



Til venstre ser ein eit forstørra utsnitt av postkortet over, og ein kan sjå huset i den forma det fekk etter utvidinga til Edgar A. Ashcroft. Trass i dårleg oppløysing gjev biletet informasjon som ikkje kjem fram i andre kjelder, spesielt takforma.

Til no har eg danna eit bilete av huset i tiårsperioden 1907 – 1917 på bakgrunn av allment tilgjengelege kjelder. Til saman gjev desse kjeldene eit relativt detaljert heilskapsinntrykk av korleis huset såg ut i perioden, og rekonstruksjon har til ein viss grad vore mogleg. Likevel er det av naturlege grunnar mykje dei omtala kjeldene ikkje fortel noko om. Eit døme på dette er fargebruk innvendig, noko som i og for seg kan vere interessant sett i ein kulturhistorisk og

estetisk samanheng. Er ein så heldig at ein har tilgang på interiørfotografi, noko eg per dags dato ikkje har frå denne tida, er ein noko betre stilt – sjølv om desse mest truleg vil vere i svart/kvitt. Likevel vil det vere mogleg å sjå om mørke eller lyse fargar er dei dominerande, om det er mønstra tapet på veggane eller anna osb.. I tillegg ville ein kanskje kunne få eit inntrykk av andre bygningsmessige detaljar som utforminga av dører, vindauge, omnar og listverk. Når slikt fotomateriale ikkje finst, er det nødvendig å ty til bygningen i seg sjølv som kjelde.

Den mest sentrale kjelda i bygningshistorisk forskning vil naturleg nok vere bygningane i seg sjølv, vel å merke i dei tilfella der desse framleis står. Hovudhuset på Sande er ingen unntak. Gjennom undersøkingar i huset i notid har ein vore i stand til å identifisere mykje, men ikkje alt av det som vert skildra i dei ulike kjeldene. Ein god del endringar har funne stad i etterkant av det valde tidsrommet. Veggjar er vekke, dører er flytta, omnar fjerna og golv skifta ut. Horgen kjem inn på dette poenget, og peikar på at ulike kjelder kan gje kunnskap om hus som ikkje lenger kan lesast ut frå bygningane i seg sjølve. I samband med ombyggingar kan bygningshistoriske spor gå tapt.⁴⁰ Slike tapte spor kan likevel «leve vidare» om dei er omtala i skriftlege kjelder eller dokumentert ved t.d. fotografering. For å få eit mest mogleg detaljert bilete av eit einskilt hus, er det avgjerande å søkje breitt i kjeldene. Ulike kjeldetypar kan kvar for seg gje informasjon ved ulike bygningshistoriske aspekt. Av denne grunn er det naturleg og viktig å kombinere ulike kjelder i slikt arbeid.

Oppsummering

I den første delen av denne oppgåva såg vi at det ligg føre ei rekkje kjelder som kvar på sitt vis kan kaste lys over ulike sider ved norsk bygningshistorie. Her har vinklinga lege på våningshus, med ei grov avgrensing til perioden 1750 – 1950. Nokre gjev i hovudsak generell eller indirekte informasjon om slike bygningar, medan andre kjelder har vorte til nettopp på grunnlag av hus. Blant dei skriftlege kjeldene er særleg branntakstar, arkitekt- og oppmålingsteikningar sentrale. Dette gjeld særleg i tilfelle der målet er å dokumentere utsjånaden til eit hus på eit bestemt tidspunkt, eller endringar over tid. Også bilete, då spesielt i form av fotografi, er potensielt sett viktige i samband med bygningshistorisk forskning.

Del to i denne oppgåva har vore knytt til hovudhuset på Sande i Balestrand. Innleiingsvis stilte eg følgjande spørsmål: I kor stor grad vil det på grunnlag av skriftlege

⁴⁰ Horgen 2000, s. 7

kjelder og bilete vere mogleg å rekonstruere hovudhuset på garden Sande, slik dette såg ut i tiårsperioden 1907 – 1917? På grunnlag av relevante branntakstar, arkitektteikningar, ei møtebok og ikkje minst bilete, har det langt på veg lukkast meg å rekonstruere eksteriør og planløsning for huset i denne perioden. Likevel er det fleire sider ved bygningen slik han såg ut på denne tida dei eksisterande kjeldene ikkje gjev informasjon om. Dette gjeld særleg interiørmessige detaljar. Her vil bygningen i seg sjølv vere den beste kjelda til kunnskap.

Kjelder

- Lensmannen i Leikanger, 12.1: Branntakstprotokoll 1846 – 1868. Statsarkivet i Bergen
- Lensmannen i Leikanger, 12.2: Branntakstprotokoll 1868 – 1940. S.B.
- Lensmannen i Balestrand, 12.1: Branntakstprotokoll 1866 – 1921. S.B.
- Møtebok for Balestrand Gamleheim 1915 – 1919. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
- Panteprotokoll for Ytre Sogn, nr. II.B. S. B.
- Horgen, J. E.: *Kilder om hus. Skriftlige kilder, bilder, muntlige kilder*. NIKU strategisk instituttprogram 1996 – 2000 Hus i Norge. NIKU Temahefte 032: 1-32, Oslo 2000
- Urtegaard, Gunnar: *Balestrand. Bind II Gards- og ættesoge*. Balestrand kommune, 1991.
- Drange, Tore et.al: *Gamle trehus: historikk, reparasjon, vedlikehold*. 2. utgåve, Universitetsforlaget AS, Oslo 1996.
- Johnsen, Oscar A.: *Norges Brannkasse 1767-1942, opprinnelse og utvikling, minneskrift*. B. II. Fabritius & Sønner, Oslo 1956
- <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/Eiendom/Hvordan-saa-huset-ut>
- http://snl.no/Norges_Brannkasse
- <http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Leksikon:Branntakst>
- http://www.nasjonalmuseet.no/no/samlinger_og_forskning/arkiv/arkiver/norsk_arkitekturmuseum/
- <http://www.arkivverket.no/felleskatalogen/arkivserier/skifteprotokoller.html>
- <http://adb.anu.edu.au/biography/ashcroft-edgar-arthur-5067>
- <http://snl.no/fotografi>
- <http://www.flyfotoarkivet.no/katalog/informasjon/>
- http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Vadheim_Elektrokemiske_Fabrikker

Vedlegg 1. Branntakst 1908 - primærkjelde

Transkribert branntakst for Sande av 28. februar 1908, lensmannen i Leikanger.

Branntakstprotokoll 12.2: 1868 – 1940, folio 409 – 410.

Aar 1908 den 25 Februar blev ved Lensmand Rusten og undertegnede faste Brandtaxtmænd en Brandtaxtforretning afholdt paa Sande Gr No 6, Br No 1 i Balestrand Thinglag efter forlangende af Stedets nuværende Indehaver Mr Edgar A. Ashcroft i Anledning at han har foretaget en Forandring og Udvidelse af den brandforsikrede Hovedbygning paa Stedet.

Hvorda! Rekvirenten Mr Edgar A. Ashcroft var tilstede. Det oplyses at sidste Brandtaxtforretning på Eiendommen afholdtes 4 Januar 1904. A. E. Fjærestad møtte og forklarede, at Gaarden med de efter sidste Brandtaxt forsikrede Bygninger tilhører ham, men at Mr Edgar A. Ashcroft har leiet Eiendommen i 5 Aar bl. a. på den Betingelse, at han skulde have Frihed til for egen Regning at forandre Hovedbygningen, ligesom Mr Edgar A. Ashcroft ogsaa for nærmere aftalt Pris skal have Adgang til at købe Eiendommen, hvis han bestemmer sig dertil inden 2 Aar. I Henhold til denne Kontrakt har Mr Edgar A. Ashcroft nu tilbygget og forandret Hovedbygningen saaledes som nærmere vil blive paavist.

Derefter besigtegedes:

No 1. En Hovedbygning anført under No 3 i forrige Forretning og da værdsat Kr 9.600 – opført af Tømmer med bordklædning i en Etage med Tag af Teglsten. Bygningen er nu 18.50 m. lang, 9.64 m. bred og 3.50 høi til Taget. Grundmuren er 2.50 m. høi og indeholder 3 Rum. Det ene Rum i Kjælderen er bestemt til Billardværelse og deri er en muret Grue eller Kamin. I bygningen er 6 Værelser, 1 Kjøkken, 1 Spiskammer, 1 Vaskerum, 1 Badeværelse, 1 Klosetrum samt 2 Gange. Fra den ene Gang gaar Trappe til Loftet, hvor der er 3 Værelser og Tørkeloft. Der er 2 grundmurede Skorstene og en Lodpipe, der er 2 Kaminer, 5 ovne og en Komfur. I Badeværelset, Vaskerummet og Klosettet er kostbare Vandledninger med tilhørende emaljerede Kummer og Kar. Rundt Bygningens nordlige, østlige og sydlige Sider gaar en Altan der er 2.00 m. bred med Rækværk, over Altanen er Tag på sydlige Side. Bygningen taxeredes i alt 18.600.00 deraf for Grundmuren og det øvrige Murværk 3000 Kr og for Ovnene med Komfuren 500 Kr.

- 1. En Fjøs & Lade anført i forrige Forretning under No 1 og da værdsat 4800.00*
- 2. Et Baadenøst ----- No 2 ----- 700.00*
- 3. Et Vedhus med Ildhus----- No 4 ----- 400.00*
- 4. Et Stabur ----- No 5 ----- 500.00*

Disse Bygninger No 2 til 5 incl. er uforandrede og af samme Værdi som før.

Tils = 25.000.00

skriver fem og tyve tusinde Kroner.

Ildstederne fandtes forsvarlige efter Reglerne.

Fra No 1 til No 5 er 5,50 m., fra No 1 til No 4 er 13,50 m. og fra No 4 til No 2 er 18.00 m. alt i vestlig Retning. Baadenøstet staar ved Søen over 100 m. fra de øvrige Bygninger. Til nærmeste Nabobygning er 20 m. Bygningerne ligger ikke i nogen større Husklynge.

Rekvirenten havde intet ved Taxten at bemærke. Beskrivelsen kunde han ikke udtale sig om, da han ikke forstaar norsk. Eieren A. E. Fjærestad erklærede sig tilfreds med Taxten og havde intet ved Beskrivelsen at bemærke. Han gjordes opmærksom paa §21 i Reglerne vedk. Brandvæsenet af 20 Juni 1866 samt §§ 27 og 35 i Lov af 19 Aug 1845.

Taxtmændene erklærede, at Taxten er afgiven efter bedste Skjøn uden Hensyn til Beliggenhed eller Tomtens Beskaffenhed.

Administrator fandt Taxten rimelig og billig.

Forretningen blev dermed sluttet.

P. Rusten T. Eiken Bottolf Rød M.S. Eiken

Vedlegg 2. Branntakst 1908 – sekundærkjelde

Transkribert branntakst for Sande av 28. februar 1908, lensmannen i Balestrand.

Branntakstprotokoll 12.1: 1866 – 1921, s. 55 – 57.

Aar 1908 den 25. februar _ _ _ gården Sande grnr. 6 brnr. 1

56.

_ _ _ (tilhørende) mr. Edgar A. Ashcroft _ _ _ _ _

1. En hovedbygning anført under nr. 3: i forrige forretning av 4/1 – 1904 og da værdsat Kr. 9.600.00 oppført av tømmer med bordklædning i en etage med tak av teglstenstak.

Bygningen er 18.50 m. lang 9.64 m. og 3.50 m. høi til taket.

Grundmuren er 2.50 m. høi og inneholder 3 rum. Det

ene rum i kjælderen er bestemt til billardværelset og der

er muret grue eller kamin. I bygningen er 6 værelser, kjøkken,

spiskammer, vaskerum, badeværelse, klosetrum samt 2 gange.

Fra den ene gang går trappe til loftet, hvor der er 3 sove-

værelser og tørkeloft. Der er 2 grundmurede skorstene og en

lodpipe. 2 kaminer, 5 ovne og en komfur. I badeværelset, vaske-

rummet og klosettet er kostbare vandlædninger med tilhøren

de emaljerede kummer og kar. Rundt bygningens nordlige,

østlige og sydlige sider går en altan der er 2 m. bred med ræk-

værk, over altanen er tak på sydlige side. Bred stentrappe

fører op til altanen på østlige side.

Bygningen taxeredes ialt kr. 18.600.00

Derav for grundmuren og det øvrige murværk kr. 3000.00

og for ovne kr. 500.-

2. En fjøs og ladebygning oppført $\frac{2}{3}$ tømmer $\frac{1}{3}$ standeværk.

Loft og stald 3" tømmer og resten av loftet 2" planker,

staldgulvet 3" planker tækket med skifer og teglsten 19.4 m.

lang, 6.60 m. bred, 3.20 m. høi til taket. Oppført i $1\frac{1}{2}$ etage.

Fløibygning med ark tverrsgjennem bygningen indredet

i hestestald med kjørebane over. Fløibygningen er 3.14 m lang

4.6 m. bred, 4.8 m. høit. Bygningen er for øvrig indredet

i grisehus med cementgulv 1 m. høi cementert mur

hvorover fortsættes med tømmer. Fjøsrummet er tømret.

Forrummet er bindingsværk. I Panelet sadelkammer, I privet

og 1 verktøirum. Tilsammen 7 rum. Bygningen er bordklædt og malet. Grundmuren er 2.50 m. høi i 4 rum. I sydlige ende 1 kjelder ligeså en kjelder i nordre ende – Cementeret gjødselkjælder, mit under bygningen med længde 8 m. bredde 5 m. I ene hjørne av gjødselkj. en cementeret

Trspt kr. 18.600.00

57

Trspt kr. 18.600.00

vandkumme 4 m. lang 3 m. bred og 1.5 m. høi

Bygningen taksertes for

” 4.800.00

3. Et båtnøst av bindingsverk med bordklædning tækket med teglsten, 8.3 m. langt, 5.6 m. bred og 3 m. høi til taket i 1 ½ etage indredet som nøst i 1^{ste} etage og ovenpå tømret frugtrum samt for øvrig nøstloft med trappe.

Grundmuren ubetydelig. Intet ildsted.

” 700.00

Bygningen blev taksert for

4. Et vedhus med ildhus og privet, opført av standerværk med bordklædning tækket med teglsten, 12.50 m. lang 5.0 m. bred og 2.00 m. høi til taket. 1 etage. Bygningen indeholder 3 rum, nemlig ildhus, vedhus, og privet. Bygningen har 1 skorsten med muret pipe.

Bygningen er taksert

” 400.00

5. Et sabur opført av tømmer og bordklædning tækket med teglsten, 8.20 m. lang, 3.80 m. bred, 2.25 m. høi til taket.

I bygningen intet ildsted. Taxert for kr.

500.00

Til sammen

Kr. 25.000.00 _ _ _ _ _

— — — — —
P. Rusten

T. Eiken

Botolf Rød

M. Eiken